



SELJE KOMMUNE

Driftsutvalet

Møtebok

Møtedato: 26.04.2012

Møtetid: Kl. 15:00 – 17:00

Møtested: Kommunehuset

Saksnr.: 016/12 - 021/12

Følgjande medlemmer møtte

KRF: Stein Robert Osdal. TP: Stine Aase Myhre. FRP: Marit Swensen.

H: Eva Janne T. Årvik

Følgjande medlemmer møtte ikkje

TP: Gunnar Silden, Terje Ødegård. FRP: Svein Hansen. Alle hadde meldt forfall til møtet.

Følgjande varamedlemmer møtte

TP: Judith Kvåle, Vivian Nygård Sætren. FRP: Anne Lise Drage

Følgjande frå administrasjonen møtte

Økonomisjef Ben Magne Stokland møtte og orienterte vedk.økonomisk rapportering.

Rådgjevar landbruk Kristian Nave, førte møteboka - sak 016/12 tom 019/12.

Leiar Kommunalteknikk Terje Nybakk, førte møteboka - sak 20/12, 21/12.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

7 voterande.

Orientering:

Økonomisjef Ben Magne Stokland orienterte vedk.økonomisk rapportering.

Sjå referatsak pkt. 1.

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
016/12	Godkjenning av møtebok
017/12	Delegasjonssaker
018/12	Referatsaker
019/12	Gbnr. 45/13 - Delingssak - Bustadhus - Randi Stave Dalsbø
020/12	Kaigebyr - flytebrygge i Seljevågen - reduksjon
021/12	Kai/flytebrygge - Klostervågen

Tilleggsaker: Ingen

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	26.04.2012	016/12

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 12/693
---	----------------------	-----------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 28.03.12 vert godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 26.04.2012

7 voterande

KU-016/12 VEDTAK

Møteboka frå møte 28.03.12 vert godkjent slik den ligg føre.
Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	26.04.2012	017/12

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 12/691
---	----------------------	-----------------------------

Delegasjonssaker

DKU. 022/12: Gbnr. 89/101 - Byggsak - avskjæringsgrøft - Selje kommune, Kommunalteknikk

DKU. 023/12: Gbnr. 8/1 - Delingssak - Næringsutvikling - Sidsel Otnes - handsaming etter jordlova

DKU. 024/12: Gbnr. 21/13 - Delingssak pbl 20-1, m) - arealoverføring nausttomt - Knut Lundebrekke

DKU. 025/12: Gbnr. 89/55 - Byggsak - Altan/terrasse - Ottar Nygård

DKU. 026/12: Gbnr.89/145, 149 og 150 - Byggsak - Garasje - Vegard Kvernevik

DKU. 027/12: Gbnr. 22/25 - Byggsak - Tilbygg bustadhus - Roar J. Finnseth

DKU. 028/12: Motorferdsle i utmark - Rett Vest - 2012

DKU. 029/12: Gbnr. 57/29 - Byggsak - Tilbygg - Inge Kvernevik

DKU. 030/12: Gbnr. 57/36 - Byggsak - Terrasse og hagestove - Rune Lillesalt

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 26.04.2012

7 voterande

KU-017/12 VEDTAK

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.
Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	26.04.2012	018/12

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 12/692
---	----------------------	-----------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Det ligg ikkje føre referatsaker før møteinnkalling.

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 26.04.2012

7 voterande

Referat lagt fram i møtet:

1. Økonomisjef Ben Magne Stokland orienterte vedk.økonomisk rapportering
2. Brev frå Fylkesm. i S. og Fj., dat. 30.03.12 – Komm. utgifter etter ekstremværet Dagmar.
3. Brev frå rektor Selje skule, dat.25.04.12 – Rehabiliteringa, uteområdet., bygningane og vaktmeisterteneste ved Selje skule.
4. Driftsutvalet: Ønsker å møte tenesteeiningane i kommunen.

KU-018/12 VEDTAK

1. Driftsutvalet ber administrasjonen lage gode rapporteringsrutinar for økonomi/budsjett som inkluderer Driftsutvalet. Driftsutvalet ber vidare å få ut historisk rapport frå 2010 til d.d. utan kommentarar/forklaringar til dei enkelte postane.

2. Teke til vitande
3. Teke til vitande
4. Driftsutvalet vil legge opp til møte med dei ulike tenesteeiningane rundt om i kommunen.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	26.04.2012	019/12

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Kristian Nave	GBNR-45/13, FA-L33	12/24

Gbnr. 45/13 - Delingssak - Bustadhus - Randi Stave Dalsbø

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	I	02.01.2012	Tor Kr. og Kirsti Stave Stevik	Søknad om deling - handsaming etter jordlova
1	I	03.01.2012	Randi Stave Dalsbø	Søknad om deling av grunneigedom
3	U	08.02.2012	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Gbnr. 45/13 - Delingssak - Bustad - Randi Stave Dalsbø - oversending for uttale
4	I	02.03.2012	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Selje kommune - dispensasjon - delingssak - gbnr 45/13 - Randi Stave Dalsbø

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
18.04.2012	Situasjonskart	31852
18.04.2012	Dispensasjonssøknad, gbnr. 45-13.pdf	32646

Saka gjeld

Randi Stave Dalsbø, heimelshavar til gbnr. 45/13, søker om frådeling av ei bustadtomt på gbnr. 45/13 i samband med at ho ynskjer å selje ei bustadtomt til nær familie.

Opplysningar til saka

Randi Stave Dalsbø si syster med familie på 5 har flytta tilbake til Ervik, har fast jobb og ynskjer å busetje seg permanent der. Difor ynskjer dei å byggje bustadhus på heimegarden. På grunn av noverande busituasjon ynskjer dei ei avklaring om ikkje alt for lang tid. For å spare dyrka slåttemark er det sendt inn ei kartskisse av ei vinkeltomt på innmarksbeite. Søknaden går ut på å dele frå inntil 1 da til bustadføremaal.

Parsellen ligg ca. 150 meter nord for kommunevegen. Tomta er vurdert av geolog og det må byggast rasvoll.

Parsellen ligg i LNF-område og det er difor søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel. Saka har vore sendt til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og til uttale.

FM har gjeve følgande uttale:

I arealdelen til kommuneplanen skal det gjerast ei heilskapleg vurdering av utbyggingsmønster og forvaltning av areala i kommunen. Det skal difor ikkje vere kurant å fråvike ein overordna plan. Dispensasjonar må heller ikkje undergrave kommuneplanen som overordna styringsdokument i arealforvaltninga. I plan- og bygningslova kap. 19 som omhandlar dispensasjonar står det i § 19-2 at: "Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres frå, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon Være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering"

Det omsøkte området ligg på innmarksbeite. Vi er ikkje kjend med særskilte natur- eller friluftsverdiar knytt til området. Dersom kommunen finn at det er grunnlag for å gje dispensasjon, jf. kriteria i § 19-2, oppmodar vi om at det vert stilt nødvendige vilkår, blant anna for å sikre god landskapstilpassing. I tillegg bør kommunen vurdere eventuelle presedensverknader ein dispensasjon vil kunne ha i høve til andre liknande saker.

Det skal opparbeidast veg fram til tomta. Opparbeiding av veg er òg søknadspliktig og må handsamast som dispensasjon, jf. § 20-1, bokstav I).

Gardsbruket er i full drift med mjølkeproduksjon. Arealtal eigarteig: Fulldyrka 82 da, beite 40 da, anna fastmark 107 da. Del av fellesareal på gnr. 45 er 867 da.

Lover/regelverk

Føremålet med delingsforbodet i jordlova er å sikre ein tenleg bruksstruktur i landbruket. Jordlova §12 opnar for at det kan gjevast samtykke til deling dersom samfunnsinteresser av stor vekt talar for det, eller dersom deling er forsvarleg ut frå den avkastninga eigedommen kan gje.

Sakshandsamar si vurdering

Grunngjevinga for søknaden er auka busetjing i Ervik. I dag er det ikkje avsett områder til bustadbygging i kommuneplan eller reguleringsplan i Ervik. Denne saka bør få ei avgjerd før ny kommuneplan kan vedtakast. (tidlegast om ca. eit år).

I dette området, lenger vest er det søkt frådelt to hyttetomter. Avgjerd om dette er utsett av driftsutvalet til å handsamast i arealdelen av kommuneplanen. Aust for denne parsellen er det tidlegare frådelt to hyttetomter (på gbnr. 45/6 og 45/8)

Frådeling til bustadføre mål bør prioriterast framfor hytter og saka vert difor fremja som politisk sak for å avklare om ein skal frådele no eller utsetje i påvente av arealdelen av kommuneplanen.

Ein kan sjå føre seg arealbrukskonfliktar mellom bustadeigedomar og landbruksdrift.

Parsellen ligg inntil dyrka mark og beite og støy, lukt og beitedyr kan skape konfliktar.

I høve drifta ligg parsellen langt frå tunet og hindrar ikkje tilgang til areala.

Utforminga av parsellen kan vere litt for smal og trong til å vere ei godt eigna bustadtomt. Det kan difor vere aktuelt å endre utforminga noko.

Frådelinga vert å vurdere i forhold til avkastninga eigedomen kan gi og eventuelle drifts- og miljømessige ulemper.

Utifrå plassering og storleik kan ikkje sjå at ei frådeling i særleg grad vil gå utover den avkastning eigedomen kan gje eller vere av monaleg ulempe på anna måte.

Ei frådeling vil ikkje vere til hinder for tilkomst til bygningar og areal på bruket.

Konklusjon

Utifrå ei samla vurdering finn ein å kunne gå innfor å gje samtykke til frådeling av ein parsell på inntil 1 da i området som kjem fram av innsendt situasjonskart, 1:500.

Saksgang

Vedtaket kan påklagast av part i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker etter at melding om vedtaket er kome fram. Klagen skal sendast til Selje kommune, 6740 Selje og må vere underskriven. Med visse unntak har part(ar) rett til dokumentinnsyn i saka.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Med heimel i jordlova § 12 vert det gjeve samtykke til frådeling av ein parsell på inntil. 1 da til bustadføremål på gbnr. 45/13 tilnærma slik det går fram av vedlagt situasjonskart, 1:500.

Handsaming i Driftsutvalet - 26.04.2012

7 voterande

Avrøysting:

Tilråding frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

KU-019/12 VEDTAK

Med heimel i jordlova § 12 vert det gjeve samtykke til frådeling av ein parsell på inntil. 1 da til bustadføremål på gbnr. 45/13 tilnærma slik det går fram av vedlagt situasjonskart, 1:500.

Samrøystes.

Utskrift til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Søkjarane



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	26.04.2012	020/12

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Terje Nybakk	FA-P24	12/664

Kaigebyr - flytebrygge i Seljevågen - reduksjon

Saka gjeld

Søknad om reduksjon, kaigebyr, flytebrygge i Seljevågen.

Opplysningar til saka

Sjøkartverket har vendt seg til kommunen og bedt om vurdering av reduksjon i kaigebyra ved kommunal flytebrygge i Seljevågen.

Sjøkartverket har opplyst at dei skal føreta ein del kartlegging i Seljeområdet dei næraste 3-4 månadane.

For å utføre dette arbeidet nyttar dei 2 båtar som treng ein plass å ligge om natta.

Mannskapet bur på hotell, det er difor ikkje aktuelt med bruk av straum.

Gjeldande kaigebyr er for 2012, 150 kr. for båtar under 10 m og 200 kr. for båtar over 10 m.

Lover/regelverk

Gjeldande gebyrregulativ.

Sakshandsamar si vurdering

Gjer framlegg om at Sjøkartverket mellom 1.04. og 1.06.12, får 50 % reduksjon i kaigebyra for å ha liggande inntil 2 båtar ved flytebrygga.

Dette vil kunne gje kommunen ei gebyrinntekt på om lag 8.- 10.000 kr. i dette tidsrommet, avhengig av storleik på båtane.

Etter 1.06.12 vert det å betale ordinære gebyr.

Grunngjeving for tilrådinga er at det ikkje skal nyttast straum og at det fram til juni månad sjeldan eller aldri er mangel på liggeplass ved flytebrygga.

Frå juni månad og utover er trafikken aukande, og då bør det betalast gebyr etter gjeldande regulativ.

Konklusjon

Det vert gjeve 50 % reduksjon i gebyra fram til og med 31.05.2012.

Frå 1.06. vert kravd gebyr etter gjeldande regulativ.

Føresetnaden er at det ikkje vert nytta straum i det aktuelle tidsrommet.

Saksgang

Klageadgang

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Sjøkartverket får redusert kaigebyra ved kommunal flytebrygge i Seljevågen med 50 % fram til og med 31.05.2012 på vilkår som er nemnde i saksutgreiinga.

Reduksjonen gjeld for å ha liggande inntil 2 båtar.

Frå 1.06.2012 vert det å betale ordinære gebyr.

Handsaming i Driftsutvalet - 26.04.2012

7 voterande

Saksgang:

Driftsutvalet gjer vedtak.

Framlegg frå Høgre:

Sjøkartverket skal betale gebyr etter gjeldande regulativ for Selje kommune.

Alternativ avrøysting:

Framlegg frå Høgre fekk 2 røyster

Tilråding frå administrasjonen fekk 5 røyster

KU-020/12 VEDTAK

Sjøkartverket får redusert kaigebyra ved kommunal flytebrygge i Seljevågen med 50 % fram til og med 31.05.2012 på vilkår som er nemnde i saksutgreiinga.

Reduksjonen gjeld for å ha liggande inntil 2 båtar.

Frå 1.06.2012 vert det å betale ordinære gebyr.

Utskrift til:

Sjøkartverket

Økonomiavd.

Revisor



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	26.04.2012	021/12

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Terje Nybakk	FA-P24	12/523

Kai/flytebrygge - Klostervågen

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	U	12.03.2012	atle@dragebygg.no,	Kaianlegg klostervågen-Godtaking av tilbud
1	I	12.03.2012	atle@dragebygg.no,	Kaianlegg klostervågen - tilbud, utbetring
4	I	15.03.2012	Oystein.Haugsbø@dnv.com,	Flytebrygger av betong, styrkevurdering
5	U	22.03.2012	marina@orsta.com,; odd-steffen@etnebetong.no,; rune@fardal.no,; ti@marinas.no,; post@nmbryggen.no,; Roe Myklebust (roemyklebust@yahoo.no)	Pristilbud, betongflytebrygger
7	I	26.03.2012	Tommy Giil	Tilbud på betongbrygge - Klostervågen, Selje Kloster(1)
6	U	28.03.2012	Driftsutvalet	Vedk. kai/brygge-løysing, Klostervågen - Orientering
8	I	31.03.2012	Rune Fardal	Pristilbud betongflytebrygger - Klostervågen(2)

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
17.04.2012	Klost.ov.kart..pdf	34266
22.03.2012	Prisforespørsel.doc	34267
28.03.2012	Kai/flytebrygge - Klostervågen, Orientering	34471

Saka gjeld

Val av ombord- og ilandstigningsløyising i Klostervågen på Seljeøya.

Opplysningar til saka

Uværet i romjula gjorde stor skade på eksisterande flytebrygge og trekaia i Klostervågen. Når det gjeld trekaia er stålkonstruksjonen i tillegg til deler av skjørtet og toppdekket, skada. Å sette denne kaia i fullgod stand igjen, vil være svært kostbart, antatt kostnad i området 300.- 500.000 kroner.

Eksisterande flytebrygge, som er ei lett-flytebrygge, har også fått store skader.

Ein seksjon av totalt fire, vart riven laus og kasta på land, og hamna oppå landgangen.

Skada seksjon kan reparerast, medan landgangen har totalhavareert.

Kostnad for reparasjon + ny landgang inkl. montering/utlegging vil ligge i området 125 - 150.000 kroner.

Ovannemnde skadar er etter oppfordring, innmeldt til Fylkesmannen.

Pr. medio april er det ikkje kome noko tilbakemelding frå FM.

Finansiering

På investeringsbudsjettet for 2011 vart avsett kr. 300.000 til kai Klostervågen.

Desse midlane er overført til 2012.

Sakshandsamar si vurdering

Eksisterande flytebrygge var sjølv før "Dagmar" slo til, lite eigna til bruk for Klosterbåten. Til det er den for lav og for lite stabil.

Klosterbåten har derfor fram til og med 2011, brukt trekaia ved hjelp av div. ramper/leidere ol..

Dette er inga god løysing i høve dagens krav til universell utforming.

Når no eksisterande flytebrygge er mykje ramponert, og trekaia lite eigna til dagens båtar, bør vurderast ei løysing med ei noko kraftigare betongflytebrygge som erstatning for eksisterande kai og flytebrygge.

Eksisterande kai vert då ikkje gjort noko anna med enn å utbetre skjørt og toppdekke, slik at den bruksmessig ikkje representerer nokon fare. Dette arbeidet er nærast fullført, jfr. referatsak nr. 5 i driftsutvalet på møte 28.03.12.

Kostnaden med dette arbeidet er så langt forskottert av midlar frå Klosterprosjektet.

Endeleg finansiering vert å kome attende til når ein veit meir om kva stormskadeerstatning vi får frå Fylkesmannen og evt. kva inntekter vi kan få ved td. sal av eksisterande flytebrygge.

Når det gjeld eksisterande flytebrygge eller restane av denne, er det pr. dato ikkje gjort noko med.

Konklusjon

I staden for å bygge oppatt trekaia og utbetre eksisterande flytebrygge, vert valt ei løysing der ein slår saman desse to til ei kraftigare flytebryggeløysing som vil kunne brukast til passasjer-transport til og frå klosteret og for besøkande småbåtar.

Det er innhenta tilbod på betongflytebrygge med 20 m` s lengde og 8 m landgang.

Pris inkl. utlegging kr. 239.000 eks. mva.

Utanom dette må kommunen ta kostnaden med bygging av landfeste.

Dette arbeidet vert så langt det let seg gjere å utføre med eigne tilsette, medan kjøp av tilfang må gå over vedlikehaldsbudsjettet.

Midlar til utbetring av trekaia vert å kome attende til når ein veit meir om evt. erstatningsbeløp og evt. inntekter ved sal av eksisterande brygge.

Saksgang

Endeleg vedtak i driftsutvalet.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Driftsutvalet vedtek fylgjande:

- Som ombord- og ilandstigningsløyising i Klostervågen på Seljeøya, vert valt flytebrygge i betong med lengde 20 m, breidde 2,7 m og til ein kostnad på kr. 239.000 + mva..

Forskotterte midlar frå Klosterprosjektet vert så langt det er mogeleg dekkja inn ved evt. stormskademidlar, evt. inntekter ved sal av eksisterande flytebrygge og/eller auke i investeringsbudsjettet.

Handsaming i Driftsutvalet - 26.04.2012

7 voterande

Avrøysting:

Tilråding frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

KU-021/12 VEDTAK

Driftsutvalet vedtek fylgjande:

- Som ombord- og ilandstigningsløyising i Klostervågen på Seljeøya, vert valt flytebrygge i betong med lengde 20 m, breidde 2,7 m og til ein kostnad på kr. 239.000 + mva..

Forskotterte midlar frå Klosterprosjektet vert så langt det er mogeleg dekkja inn ved evt. stormskademidlar, evt. inntekter ved sal av eksisterande flytebrygge og/eller auke i investeringsbudsjettet.

Samrøystes.

Utskrift til:

Sakshandsamar føl opp saka

Økonomiavd.

Revisor

